



Fjord kommune

Fellestenestene

Vår ref.

21/15/FA-K46/ALOU/41867822

Dykkar ref.

Dato:

18.03.2022

Fastsetting av forskrift om minsteareal for jakt

Kommunestyret - 018/22, 17.03.2022:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Fjord kommune fastsett ny forskrift om minsteareal for jakt på elg, hjort og rådyr. Ny forskrift vert slik:

Forskrift om minsteareal for jakt på elg, hjort og rådyr, Fjord kommune, Møre og Romsdal

Heimel: Fastsett i Fjord kommunestyre 17.03.2022 med heimel i lov 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt (viltloven) § 16 og forskrift 8. januar 2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt § 6.

§ 1. Det er høve til å jakte på elg, hjort og rådyr i heile eller delar av Fjord kommune.

§ 2. Minsteareal for godkjenning av vald og fellingsløyve er som følgjer:

Del av kommunen	Hjort	Rådyr	Elg
Valldal og Fjørå	700	1 500	-
Tafjord Norddal	1 100	1 500	15 000
Eidsdal med Hatlestad og Lilleås	600	1 500	-
Øvre Stordal	700	1 500	-
Nedre Stordal og Dyrkorn	400	1 500	-

§ 3. Denne forskrifta trer i kraft straks. Samstundes vert forskrift 25.11.2015 nr. 1428 for jakt på elg, hjort og rådyr i Norddal kommune, Møre og Romsdal oppheva.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket, oppgje vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringane ein ønskjer, og dei grunnar du vil oppgje for klagen. Dersom du klagar så seint at det kan være uklart for oss om du har klaga i rett tid, vert du beden å oppgje når denne klagen kom fram.

Med helsing

Alexander Oudijk
konsulent

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.